

Rapport frå Arbeidsgruppe om ny studieforskrift

Rapport frå Arbeidsgruppe om ny studieforskrift	1
Bakgrunn	1
Prosess	2
Forholdet til sentrale reglar	2
Overordna om forslaget	3
Særleg om kapittel 5	5
Særreglar for fakulteta	6
Terminologi – særskilt om omgrepet «eksamen»	6
Særleg om § 1-2 i noverande forskrift	7
Vurderingsuttrykket bestått og ikkje bestått	8
Andre forhold	9

Bakgrunn

Den noverande grads- og studieforskrifta vart opphavleg vedteken i 2012, og har sidan blitt revidert etter kvart som endringar i lov og sentrale forskrifter har kravd det. Den noverande forskrifta blir opplevd som lang, uhensiktsmessig disponert og vanskeleg å navigere, og i nokon grad ikkje oppdatert til å implementere lovendringar.

Dette er bakgrunnen for at Arbeidsgruppa blei vedtatt oppretta av Utdanningsutvalet i møte 16. desember 2021 sjå sak 63/21, med dette mandatet:

«Arbeidsgruppa skal gjere framlegg om heilskapleg revisjon av grads- og studieforskrifta, som:

- Tar høgde for endringar i lovverk, praksisar ved fakulteta og organisering av UiB.
- Sikrar likehandsaming av studentane.
- Forenkler regelverket slik at det blir lettare å forstå og bruke.
- Gjer det mogleg for fagmiljøa å innføre fagleg funderte ordningar og nyvinningar i undervising og vurdering.
- Avklarar forholdet mellom stå-karakter etter, høvesvis, den graderte (A-F) og den ugraderte (bestått/ikkje bestått) karakterskalaen.»

Samansetjinga av gruppa sikra at alle fakultet var representert, med ei blanding av vitskapeleg og administrativt tilsette. Gruppa hadde også ein studentrepresentant, og ein sekretær frå Studieavdelinga:

- Halvard Haukeland Fredriksen (visedekan JF, leiar)
- Trine Pernille Klokkerud (studieleiar og rådgivar SV)
- Ingrid Christensen (studiesjef MN)
- Marit Øilo (visedekan MED)
- Steinar Bøyum (instituttleiar HF)
- Yael Harlap (visedekan PSYK)
- Lise Rakner (professor SV)
- Eystein Sandstø Kvam (rådgivar KMD)
- Oscar dos Santos Kvalsvik (student MN)
- Knut Knapskog (SA, sekretær)

Undervegs i arbeidsgruppa sitt arbeid slutta Trine Pernille Klokkerud i stillinga si ved UiB og vart erstatta av Ellen Vikersveen (HF), i konsultasjon med SV-fakultetet. Ingrid Christensen fekk arbeidsoppgåver knytt til UH sak, noko som mellom anna innebar auka reiseverksemd. Ingrid Solhøy (MN) blei utnemnd som fast vara for henne hausten 2022.

Arbeidsgruppa hadde opphavleg svært stramme tidsfristar, fordi Stortinget vedtok ny sensorordning (to sensorar) sommaren 2021, som skulle gjelde frå haustsemesteret 2022. Sensorordninga vart deretter utsett og regjeringa meldte frå om at dei skulle vurdere spørsmålet på nytt, i ein lovproposisjon som er venta i løpet av våren 2023.

Konsekvensen var også at arbeidsgruppa fekk mykje betre tid til å vurdere kva for revisjonar som var naudsynte og ønskelege. Arbeidet har derfor krinsa rundt forenkling og opprydding av språk, ny struktur for forskrifta og anna som skal gjere forskrifta lettare å forstå og bruke.

Prosess

Arbeidsmetoden har vore jamnlege møter i arbeidsgruppa, med diskusjonar i Teams undervegs. Frå det tidspunktet arbeidsgruppa hadde eit heilskapleg utkast, har dette arbeidsdokumentet vore tilgjengeleg for medlemene i eit eige Team.

Arbeidsgruppa hadde to innspelsrundar i løpet av våren 2022. I første runde blei fakulteta bedne om å melde inn sine behov for endringar av grads- og studieforskrifta. I andre innspelsrunde forsøkte arbeidsgruppa å nå pedagogiske miljø, framifrå undervisarar, studieprogramleiarar, mv. Studentombodet har også levert innspel til arbeidet.

Arbeidsgruppa hadde fire møter i løpet av våren 2022 og leverte mellombels rapport og utkast til Utdanningsutvalet i møte 15. juni (sjå [sak 33/22](#) med vedlegg). Desse dokumenta blei sende til høyring i perioden mellom oktober-november, til høvesvis fakulteta, studentparlamentet, universitetsbiblioteket og -musea. Utkast og rapport blei også lagt ut på uib.no/demokrati, noko som gjorde at alle tilsette og studentar på UiB har høve til å svare.

Resultatet frå høyringsprosessen var 345 enkeltinnspel, der høyringsinstansane med nokre unntak syntest utkastet var ei forbetring frå noverande forskrift.

Leiar og sekretær for arbeidsgruppa orienterte Læringsmiljøutvalet (LMU) i deira oktober-møte om arbeidet i arbeidsgruppa. Orienteringa gjaldt særleg delane av utkastet som dreidde seg om tilrettelegging, sjå [sak 41/22](#) (lenke direkte til pdf).

Arbeidsgruppa hadde deretter møter i høvesvis november 2022, og januar og februar 2023. I desse møta diskuterte medlemene dei spørsmåla som ikkje kunne løysast i Team-et.

Forholdet til sentrale reglar

Innhaldet i studieforskrifta må vere innanfor dei rammene som universitets- og høgskulelova set, saman med sentrale forskrifter. Enkelte av innspela arbeidsgruppa har fått i denne prosessen er det verdt å kommentere i denne samanhengen.

Fleire fakultet har spelt inn at sensurfristen på tre veker bør sjåast i samanheng med planlagt og ikkje-planlagt fråvær. Fristen er i dag for streng, og tærer både på faglege og administrative krefter, særleg i periodar med mange raude dagar eller avvikling av ferie.

Reglane om «gjenbruk» av studiepoeng i godkjenningforskrifta er ikkje tilpassa dei integrerte masterprogrammene som det i seinare tid har vorte fleire av.

Godkjenningsforskrifta § 4 regulerer «gjenbruk» av studiepoeng – i form av krav til nye studiepoeng for å få ny grad. Føremålet med regelen er, mellom anna, at studenten ikkje kan få fleire grader på same faglege grunnlag. Derfor er det eit krav om minimum 60 nye studiepoeng, som altså ikkje allereie inngår i grunnlaget for tildelt grad. Same regelen set eit tak på kor mange nye studiepoeng universitetet kan krevje:

«Institusjonene kan selv fastsette krav om inntil 90 nye studiepoeng for bestemte utdanninger.»

Samstundes har universitetet ei rekke studieprogram som er organiserte som integrerte fem-årige løp, og som også fagleg sett kan ligge nære eitt eller fleire bachelorprogram. Ein student kan oppnå bachelorgrad, frå UiB eller frå eit anna universitet, og så få opptak til eit integrert masterprogram. Då vil kravet om nye studiepoeng bli oppnådd av dei to siste åra på det integrerte løpet, slik at studenten endar opp med både ein bachelorgrad og ein integrert 5-årig mastergrad. Studentar som startar rett på det integrerte programmet vil derimot berre oppnå éi grad, sjølv om dei produserer like mange studiepoeng (300).

Ein kategori av innspel dreier seg om høvet til å la aktivitetar som skal gjerast som ledd i undervisinga også vere del av grunnlaget for karakteren. Det kan til dømes vere ein presentasjon for seminargruppa. Denne forma for prøving vil etter lova sitt system vere ein munnleg eller ikkje-prøvbar eksamen, som ikkje gir høve til å klage på karakterfastsetjinga. Forslaga som blei sende på høyring i sektoren hausten 2022 legg opp til at det blir eit lovkrav om to sensorar til slike eksamenar. Den noverande forskrifta til UiB har allereie eit slikt krav. Konsekvensen er at ei eksamensform som enkelte undervisarar meiner er best, i praksis er umogleg å gjennomføre på grunn av økonomien.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at det kjem ei lovendring som krev to sensorar ved slike eksamensformer, og har derfor ikkje tatt stilling til om sensorkravet bør endrast.

Ein annan type innspel dreier seg dels om tillatne vurderingsuttrykk (karakterar), og dels om skilnaden mellom deleksamen og mappevurdering. Ved deleksamen blir det treft individuelle karaktervedtak, til dømes kan eksamen har tre delar med lik utteljing. Etter at desse karakterane er gitt, så vil den endelege karakteren vere eit reknestykke.

Dersom eit emne nyttar slik deleksamen, og ein student leverer arbeid som er vurderte til to sterke B-ar og ein A, så vil karakteren i emnet bli B sjølv om sensor meiner det samla sett burde vore A. Arbeidsgruppa har fått innspel om at det burde vere høve til å gi anten ei overordna vurdering (sensur) ved deleksamen, eller at ein bør kunne gi karakter på delane som er meir finmaska enn A til F, til dømes prosent.

Universitets- og høgskulelova tillèt berre to typar vurderingsuttrykk – gradert A til F og ugradert bestått/ikkje bestått. Ein kan derfor ikkje treffe vedtak om karakteren «86/100», til dømes. Arbeidsgruppa meiner også at den sentrale skilnaden mellom mappevurdering og deleksamen, nettopp er at førstnemnde gir rom for éi heilskapleg vurdering av fleire arbeid medan sensurvedtaka på deleksamen står for seg sjølve.

Overordna om forslaget

Forslaget har ei rekke føresegner som i mindre grad regulerer konkrete rettar og plikter, men som har til føremål å trekke fram verdiar som er viktige for UiB på studiefeltet. Det er derfor eit framlegg om ny føremålsparagraf med dette innhaldet:

§ 1-1 Føremål

- (1) Studia ved Universitetet i Bergen skal
 - a) vere forskingsbaserte og legge til rette for studentaktiv læring
 - b) ha møteplassar mellom studentar og fagleg tilsette, og sørge for at studentane blir integrerte i fagmiljøa
 - c) gi opplæring i akademisk redegheheit, yringsfridom og fagkritikk
 - d) gi den digitale kompetansen som er relevant for fagområdet, og
 - e) gi eit godt grunnlag for læring heile livet.

(2) Eit klårt og tilgjengeleg regelverk er viktig for at studentane skal verte kjend med dei rettar og pliktar ein har som student ved universitetet, og for å sikre lik praksis på dei ulike fakulteta.

(3) Universitetet i Bergen ønsker å legge til rette for utvikling og utprøving av lærings-, undervisnings- og eksamensformer som fremjar betre læring.

Føremålsparagrafen inneheld med andre ord ideal som UiB som organisasjon skal strekke seg etter, i den forstand at vi til dømes må arbeide kontinuerleg med å legge til rette for studentaktiv læring, vurdere om tiltaka er gode nok, mv. Forslaget til ny forskrift inneheld også ei tilsvarande («mjuk») regulering av kva studentane skal bidra med:

§ 4-3 Forventningane og pliktane til studenten

- (1) Studenten er forventa å
 - a) oppfylle krav til akademisk redegheheit og integritet
 - b) delta i undervisinga
 - c) aktivt medverke i sin eigen studiekvardag og den akademiske fellesskapen
 - d) setje seg inn universitetet sine reglar og retningslinjer
 - e) halde seg oppdatert på kunngjeringsar på program- og emnesidene på UiB sine digitale læringsplattformer, og på epostar frå universitetet, og
 - f) aktivt medverke i student- og universitetsdemokratiet.(...)

Vi understrekar her at dette er forventningar som i utgangspunktet ikkje inneber moglegheit for sanksjonar frå UiB si side.¹ På denne måten etablerer forslaget forventningar både til UiB som organisasjon og til studentane som tydeleggjer at universitetet ikkje berre er ein tilbydar av høgare utdanning.

Strukturen på forskrifta er slik at dei overordna spørsmåla om universitetet og studia er i dei første tre kapitla. Innhaldet i dei er i hovudsak like som i noverande forskrift, men med ei ny opning for at fakulteta kan opprette årsstudium. Kapittel fire regulerer studieretten generelt og overordna, og kapittel fem retten og moglegheita til å gjere tilpassingar i studia og studieløpet. Elles følger forslaget eit studieløp kronologisk.

Forskrifta har desse kapitla:

- Kapittel 1. Føremål og verkeområde
- Kapittel 2. Organisering av studia
- Kapittel 3. Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne

¹ Brot på akademisk redegheheit og integritet kan i nokre tilfelle også vere fusk, men dei tilfella er særskilt regulerte.

- Kapittel 4. Studierett
- Kapittel 5. Tilpassing av studia og fråvær
- Kapittel 6. Undervisinga
- Kapittel 7. Eksamen
- Kapittel 8. Eksamensforsøk
- Kapittel 9. Sensur og vurderingsuttrykk
- Kapittel 10. Grader
- Kapittel 11. Gradsnamn
- Kapittel 12. Vitnemål mv.
- Kapittel 13. Ikraftsetjing

Særleg om kapittel 5

Der kapittel 4 fastset eit utgangspunkt om heiltidsstudenten som tar emne tilsvarande 60 studiepoeng i året så samlar kapittel 5 reglane som gjer unntak frå dette. Det kan vere alt frå omsorg for barn, sjukdom, dødsfall i familien, andre velferdsgrunnar som kan utløyse plikt eller høve til permisjon eller deltidstudium.

Kapittelet inneheld også reglar for anna som inneber eit fråvik frå eit «standardløp» slik som godkjenning av tidlegare utdanning og tilrettelegging. I den noverande forskrifta har desse reglane vore spreidde tematisk. Reglane om innpass er derfor i noverande forskrift i kapittel 3 «Studier», reglane om tilrettelegging i kapittel fem og seks, om høvesvis «Undervising» og «Vurdering».

Samlinga i kapittel 5 er i første rekke motivert av at reglane skal vere enklare tilgjengelege for studentane, men vonleg vil tilsvarande gjelde for administrativt tilsette, i alle fall nyttilsette.

Etter arbeidsgruppa sitt syn vil dette grepet føre til at studentane i større grad kan finne fram til reglane sjølv. Studentombodet var av dei som gjorde framlegg om eit slikt grep.

Arbeidsgruppa gjer framlegg om å erstatte dagens rett til permisjon utan grunngiving, med «pause» frå studia. Innhaldet i retten blir med, med enkelte presiseringar, vidareført. Grunngivinga for endringa ligg i lova, som i 2022 fekk ei ny føresegn (§ 4-3 e), som mellom anna lyder slik:

(2) Studenter som er innvilget permisjon, har fortsatt studierett og rett til å gå opp til eksamen ved institusjonen.

Føresegna inneber at ein permisjon ikkje verkar inn på studieretten, slik at studenten i permisjon kan følge undervising og gå opp til eksamen. Det ligg til grunn for denne lovendringa at alle permisjonar som blir innvilga er grunngivne, og er meint å sikre at studenten som, til dømes, er kalla inn til teneste i forsvaret i praksis kan velje om hen ønsker å ta eksamen. På UiB er dette annleis, og utfordringa med noverande forskrift og lov er at retten til permisjon utan grunngiving kan brukast for å ta eksamenar på nytt. Dette kan få negative konsekvensar for studentens framdrift i studia, og er noko både sentrale myndigheiter og universitetet elles arbeider for å unngå.

Føremålet med ein pause i studia er ikkje å halde fram med studia eller å ta eksamenar på nytt. I staden ønsker ein å opne for at ein student som har behov for å gjere noko anna enn å studere eller studere noko anna eit semester eller to, har høve til det.

For ordens skuld kan ein legge til at forslaget samstundes gir *rett til permisjon* i fleire tilfelle enn det lova krev.

Særreglar for fakulteta

Etter arbeidsgruppa sitt forslag vil det i mindre grad enn no vere opning for særreglar på fakulteta. Det følger av mandatet er at studentane skal få eit meir oversiktleg regelverk å forholde seg til. Samstundes inneber dette at det må gjerast ein gjennomgang av utfyllande reglement på fakultetsnivå. Det er viktig at alle fakulteta set i gong med denne jobben.

Arbeidsgruppa understrekar på enkelte punkt at det ligg eit relativt stort handlingsrom hjå fakulteta likevel, gjennom utarbeiding av emneskildringar og studieplanar til dømes regulering av rekkefølge på emna (forkunnskapskrav).

Noko av det som kjenneteiknar studia til UiB er det store spennet, og enkelte av studieprogramma skil seg ut på ein måte som gjer at særregulering ikkje er til å unngå. Utøvande og skapande studium, hovudsakleg på KMD, krev stor grad av planlegging for at undervisningskrefter skal vere nærmast individuelt tilpassa. Kliniske studium er eit anna døme der undervisinga (lik dei utøvande/skapande studia) er svært dyr, og det også er ei utfordring med avgrensa tal undervisningsplassar for studentane.

På desse studia har det derfor vist seg naudsynt med heimlar til å treffe reglar som er strengare enn elles. To døme er særreglar er knytt til retten til pause frå studia og til progresjonsreglane.

Arbeidsgruppa meiner også at det er ønskeleg at forskrifta i større grad enn i dag viser kva for omsyn som skal vegast mot kvarandre i saker der til dømes eit fakultet kan regulere visse spørsmål nærare i utfyllande reglar eller må treffe ei skjønnsprega avgjerd i ei einskildsak. Eit døme er § 2-3 (3) om talet på studiepoeng for eit emne:

(3) Talet studiepoeng for eit emne skal vere deleleg med fem. Dette gjeld ikkje for integrerte masterprogram eller for profesjonsstudia. *Også i andre tilfelle kan det gjerast unntak dersom faglege grunnar talar for det, og korkje omsynet til studentane sin valfridom eller ønske om tverrfaglege studiar gjer det utilrådeleg*

Fleire døme på likande klargjering, med tilhøyrande føringar for vurderingane, finn ein i §§ 6-4 om undervisningsspråk og 7-7 (4) om eksamensspråk.

Terminologi – særskilt om omgrepet «eksamen»

Omgrepet «eksamen» er noko omstridt i pedagogisk samanheng. For nokre gir omgrepet assosiasjonar utelukkande til avsluttande prøving, gjerne i form av ein tradisjonell skuleeksamen og retta meir inn mot å prøve kunnskapar enn ferdigheiter. For andre er omgrepet nøytralt, som eit samleomgrep for all slags prøving av studentane, uavhengig av prøvingsform og tidspunktet for prøvinga.

I noverande forskrift har universitetsstyret introdusert «vurdering» som eit alternativt samleomgrep for ulike formar for prøving, men halde fast ved eksamen i variantane «skuleeksamen» (§ 6-2-2), «munnleg eksamen» (§ 6-2-3) og «heimeeksamen» (§ 6-2-4), som døme på ulike «vurderingsformer» (sjå § 6-2-1). I nokre samanhengar fungerer det fint å erstatte «eksamen» med «vurdering», t.d. «vurderingsformer» i staden for «eksamensformer». I andre samanhengar er bruken av «vurdering» lite naturleg eller til og med fleirtydig. Døme på dette er reglane om «antall vurderingsforsøk» (§ 6-8), «avbrutt

vurdering» (§ 6-9), «ny vurdering» (§ 6-11) og «tilrettelegging ved vurdering» (§ 6-13-1). Språkleg skulle ein tru desse reglane rettar seg mot dei som vurderer studentane (sensorane), men det er ikkje tilfelle – det er snakk om reglar om talet på eksamensforsøk, avbroten eksamen, såkalla kontinuasjonseksamen i tilfelle av gyldig frávær frå eksamen og tilrettelegging av eksamen.

I andre samanhengar blir «vurdering» brukt i tradisjonell tyding, t.d. i § 7-2 om «[v]urderingskriteriene som benyttes ved sensuren» og i § 7-7(4) om «ny vurdering» i tilfelle der det er sprik på to karakterar eller meir mellom opphavleg sensur og klagesensuren. I nokre tilfelle endar en opp med formuleringar som er temmeleg forvirrande, som t.d. i § 7-6 (2) om klagerett: «Klage over vurdering av enkeltarbeider som inngår i en mappevurdering eller annen vurdering, kan som hovedregel først fremmes når det samlede resultatet fra emnet er kunngjort».

Arbeidsgruppa har også diskutert andre alternativ enn «eksamen». Formuleringar som «karaktergivande aktivitetar» eller «aktivitetar som er grunnlag for karakteren» er dekkande for korleis arbeidsgruppa vurderer eksamensomgrepet. Dei kan også vere oppklarande for å skilje frå obligatoriske undervisningsaktivitetar, som må godkjennast for å ta eksamen men ikkje verkar inn på karaktersetjinga.

Arbeidsgruppa har likevel vald å gjeninnføre «eksamen» som samleomgrep, både fordi det er omgrepet som blir nytta i sektoren elles og av ei vurdering av korleis studentane omtalar desse karaktergivande aktivitetane. I universitets- og høgskolelova har lovgjevar halde fast ved eksamen som samleomgrep. Det same gjeld Aune-utvalets framlegg til ein ny lov (NOU 2020: 3). Departementet skal gjennomføre ein revisjon av mellom anna terminologien i lova i løpet av 2023. Dersom departementet og lovgivar går bort frå eksamen frå samleomgrep så vil dette stille seg annleis, men vi har ikkje fått signal om dette så langt. Dette er eit tungtvegande argument for å nytte same terminologi i UiB-forskrifter, ut frå eit ønske om å gjere regelverket lettare tilgjengeleg. Studentane snakkar om, og leiter etter, reglar om eksamen, ikkje reglar om vurdering (det er det sensorane som leiter etter).

Så lenge det blir presisert at «eksamen» er eit nøytralt samleomgrep som ikkje seier noko om kva slags prøving som er å føretrekke og heller ikkje noko om tidspunktet for prøvinga, så er arbeidsgruppa komen til at forskrifta blir klarare om ein kallar eksamen for eksamen. Sjå forslaget kapittel 7 og særleg § 7-1.

Særleg om § 1-2 i noverande forskrift

Ei endring arbeidsgruppa ventar noko diskusjon om, er forslaget om å fjerna § 1-2 om høve til å søke universitetsstyret om unntak frå forskrifta sine reglar om undervisning og vurdering. I staden er dette omsynet tatt inn i ei ny føremålsføresegn (§ 1-1), som set rammene for tolkinga av reglane i heile forskrifta.

Bakgrunnen for framlegget er for det første at føresegna *aldri har blitt brukt*. Sist det kom inn søknader var i 2017, og då var konklusjonen frå Studieavdelinga at framlegget ikkje kravde unntak frå forskrifta – det kunne gjennomførast innanfor gjeldande reglar. For det andre heng dette saman med ambisjonane til arbeidsgruppa, som nettopp er å fjerne dei hindringane som noverande § 1-2 var meint å gi unntak frå. For det tredje fryktar arbeidsgruppa at føresegna gjer eit feilaktig inntrykk av at det er mogleg å gjere større unntak frå forskrifta enn det om universitets- og høgskolelova og sentrale forskrifter opnar for. Føresegna i § 1-2 opnar ikkje for å setje til side reglar fastsett av lovgjevar eller departement, og det er her ein i praksis finn dei reglane som nytenkjande undervisarar ved UiB finn hemmande.

Det er usikker kva signaleffektane av noverande § 1-2 er. Føresegna gir truleg eit signal om at universitetet ønsker innovasjon i undervisning og prøving. Samstundes kan den gi inntrykk av at slik innovasjon er administrativt vanskelegare å gjennomføre enn det faktisk er.

Arbeidsgruppa meiner at den nye føremålsføresegna i § 1-1 gir betre uttrykk for ønsket om innovasjon i undervisnings og prøving, samstundes som forskrifta er utforma på ein måte som gjer at handlingsrommet for innovasjon er så stort som lova og sentrale forskrifter tillèt.

Vurderingsuttrykket bestått og ikkje bestått

Arbeidsgruppa er uttrykkeleg bedt om å vurdere forholdet mellom den graderte karakterskalaen (A til F), og ugradert vurderingsuttrykk (bestått/ikkje bestått). Desse er dei to tillatne vurderingsuttrykka universitetet kan bruke, jf. uhl. § 3-9 (6).

Universitetet i Bergen har definert nærmare kvalitative kriterier for den graderte karakterskalaen, som samsvarer med tilrådingane frå UHR. Tilsvarende kriterium finst ikkje for det ugraderte vurderingsuttrykket, men forskrifta understrekar at vurderingsuttrykket er «uten sammenheng» med den graderte karakterskalaen, sjå den noverande forskrifta § 7-1 (2).

Til tross for forsøket på å lausrive vurderingsuttrykket bestått/ikkje bestått frå bokstavkarakterane, endar diskusjonar om kva som skal til for å få bestått fort opp som ein diskusjon om krava for bestått er dei same som for karakteren E, eller om dei kan vere strengare. Ettersom den kvalitative definisjonen av ein E er ein «[p]restasjon... [som] tilfredsstillar minimumskrava» så er ikkje dette til å undrast over. Kan ein krevje meir for bestått enn at ein prestasjon «tilfredsstillar minimumskrava»?

Svaret på dette spørsmålet er i prinsippet «nei» – ein prestasjon som tilfredsstillar minimumskrava formulert i læringsutbyteskildringa må vurderast som bestått, uavhengig av om vurderingsuttrykket er bestått/ikkje bestått eller bokstavkarakterar. Det er ikkje støtte i universitets- og høgskulelova for ei ordning der ein prestasjon som ville fått teljande resultat (E) om det var nytta gradert vurderingsuttrykk, får ikkje bestått berre fordi det er vald vurderingsuttrykket bestått/ikkje bestått.

Samstundes understrekar arbeidsgruppa at det er fullt mogleg å utforme læringsutbyteskildringa slik at krava for bestått er strenge. Om ein til dømes tenkjer seg eit emne på studieprogrammet i farmasi der læringsutbyteskildringa slår fast at studentane må kunne framstille legemidlar med eit særst høgt presisjonsnivå, kan ein fint krevje alt rett (100%) for bestått. I eitt slikt tilfelle ser ein kva det vil seie at vurderingsuttrykket bestått/ikkje bestått er lausrive frå den graderte karakterskalaen – dersom det krevst alt rett for å bestå, gjer det ikkje meining å forsøke å rekne om prestasjonen til ein bokstavkarakter.

Samanhengen mellom læringsutbyteskildringa og grensa bestått/ikkje bestått er den same for alle emne. Det er læringsutbyteskildringa som definerer dei faglege minstekrava for teljande resultat, anten dette kjem til uttrykk som bokstavkarakteren E eller vurderingsuttrykket «bestått». Løysinga for å stille dei minstekrav til bestått som fagmiljøa meiner er på sin plass, er derfor å revidere læringsutbyteskildringa (og ikkje å forsøke å seie at det for bestått krevst t.d. ein prestasjon som ville fått ein C om det hadde vært nytta bokstavkarakterar). Eit fagmiljø som ønsker å gå over frå gradert til ugradert vurderingsuttrykk på eit emne, men som meiner dei faglege krava for bestått bør vere høgare enn dei minstekrava for ein E som gjaldt tidlegare, må ganske enkelt revidere

læringsutbyteskildringa slik at minstekrava for bestått er på ønskt nivå. Eit svært enkelt døme vil vere ein endring frå krav til «kjennskap» til eit eller anna til «god kunnskap» eller «gode ferdigheiter». Enno betre er det om det læringsutbyteskildringa spesifiserer kva det meir konkret inneber at studentane skal ha «god kunnskap» om X eller kunne gjere Y med høgt presisjonsnivå/liten feilmargin osv.

Arbeidsgruppa sit med inntrykk av at denne samanhengen mellom læringsutbyteskildringa og grensa bestått/ikkje bestått ikkje er godt nok forstått i fagmiljøa. Dersom ein legg om frå bokstavkarakterar til bestått/ikkje bestått på eit emne utan å justere læringsutbyteskildringa, så kjem ein ikkje unna at ein prestasjon som året før ville fått ein E, no må vurderast til bestått.

På denne bakgrunnen gjer arbeidsgruppa framlegg om slik skildring av det ugraderte vurderingsuttrykket:

§ 9-2 Vurderingsuttrykka

(1) Sensuren får uttrykk anten ved ugradert vurderingsuttrykk (bestått/ikkje bestått) eller gradert vurderingsuttrykk (A-F).

(2) Bestått resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsutbytet i emnet.

(...)

Andre forhold

Sjølv om utkastet er gjennomarbeidd per mars 2023, så skal departementet legge fram ein lovproposisjon i løpet av våren som Stortinget truleg vil vedta før sommaren. Sjølv om resultatet av prosessen ikkje er klart, så har signala frå departementet så langt vore at det ikkje vil vere behov for ein større, systematisk gjennomgang av forskrifta. Det vil truleg vere behov for enkelte justeringar.

Arbeidsgruppa foreslår å omsetje forskrifta til engelsk, slik at ho blir tilgjengeleg for utanlandske studentar og andre som ikkje meistrar norsk. Studieveilinga støttar dette og skal gjere arbeidet.

Det er universitetsstyret som vedtar ny forskrift.